



Då dette bildet vart brukt bar det teksten: Vegard D. saman med instruktør og forbilde, Espen Westbye. No har Vegard vore heldig og har fått kjøpa trompet av Espen.

Vegard Døssland har hatt ein inspirerende haust som korpsmusikar. Eit høgdepunkt var det då han på siste møtet i Ungdommens Kommunestyre (UKK) vart han tildelt 10.000 kroner av Solsikkeprisen til innkjøp av trompet. No er kjøpet gjort, og det skulle visa seg at han enda opp med at han nok ein gang var heldig. Han fekk kjøpa ein ubetydeleg brukt topptrompet av forbildet sitt i Stavanger Brassband, Espen Westbye.

Då kjøpet skulle gjerast rådførte Vegard seg med fleire trompetistar , mellom anna dirigenten i skulemusikken, Anders Christensen. Han sende og e-post til nokre instruktørar han kjenner frå mellom anna sommarkursa. Ein av desse var det store forbildet hans, Espen Westbye. Kort tid etter fekk han mail tilbake med det gunstige tilbodet.

Espen Westbye er rekna som ein av Norges aller mest lovande trompetistar. Han har etterkvart også opparbeidd seg eit godt namn som dirigent og komponist/arrangør av korpsmusikk. Vegard hadde han som instruktør på Rødt sommarkurs i Ølen 2005 og 2006.